



Arkivnr: 2017/14772-7  
Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		05.12.2017

### Klage - Vedtak om skuleskyss

#### Samandrag

Irene Straumstein er elev i 3 klasse på Framnes kristne vidaregåande skule. Eleven søkte om skuleskyss før skuleåret 2017-18, og fekk avslag av Skyss med grunngjeving at avstanden mellom heim og skule er under minstekravet på 6000 meter.

Irene Straumstein fekk også avslag frå Skyss på søknad om skuleskyss i 2016-17. Dette avslaget vart klaga på, kor klagen var sendt til den Fylkeskommunale klagenemnda for vidare klagebehandling etter vurdering hos Skyss. Klagenemnda oppretthaldt Skyss sitt avslag på skuleskyss i den saka.

Eivind Straumstein har klaga på vedtaket om skuleskyss for skuleåret 2017-18 på vegne av Irene Straumstein. Den nye klaga gjeld påstand om forskjellsbehandling.

Etter vurdering av klaga tilrår Skyss at gjeldande vedtak med avslag på skuleskyss for skuleåret 2017-18 vert oppretthalde.

Fylkesrådmannen har vurdert saka og klaga og finn å rå til at klage frå Eivind Straumstein på vegne av Irene Straumstein på vedtaket om avslag på skuleskyss for skuleåret 2017-18 ikkje vert teken til følge.

#### Forslag til vedtak

Klage frå Eivind Straumstein på vegne av Irene Straumstein på vedtaket om avslag på skuleskyss for skuleåret 2017-18 vert ikkje teken til følge.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 28.11.2017**

Irene Straumstein er elev i 3. klasse på Framnes kristne vidaregåande skule, og har heimeadresse i Tololia 47. Eleven søkte om skuleskyss før skuleåret 2017-18, og fekk avslag av Skyss med grunngjeving at avstanden mellom heim og skule er under minstekravet på 6000 meter.

Irene Straumstein fekk også avslag frå Skyss på søknad om skuleskyss i 2016-17. Dette avslaget vart klaga på, kor klagen var sendt til den fylkeskommunale klagenemnda for vidare klagebehandling etter vurdering hos Skyss. Klagenemnda oppretthaldt Skyss sitt avslag på skuleskyss i den saka.

Eivind Straumstein har klaga på vedtaket om skuleskyss for skuleåret 2017-18 på vegne av Irene Straumstein. Den nye klaga gjeld påstand om forskjellsbehandling.

**Lovgrunnlaget.**Opplæringslova § 7-2.Skyss og innlosjering i den vidaregåande skolen

Elevar i vidaregåande skole som bur meir enn seks kilometer frå skolen, har rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle. Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda. Departementet kan gi forskrifter om at skyssbehovet til elevane i særskilde tilfelle kan dekkjast på andre måtar.

Departementet gir nærmare forskrifter om tryggleiken til elevane under skuleskyssen.

Fylkeskommunen skal hjelpe til med å skaffe losji for elevar i vidaregåande skole som bur slik til eller som har så lang veg at dei ikkje kan nytte dagleg skyss til skolen. Om nødvendig skal fylkeskommunen byggje elevheim

Etter Opplæringslova § 7-2 har elevar i vidaregåande skule rett på gratis skuleskyss når dei bur meir enn 6 kilometer frå skulen. Avstanden vert målt langs kortaste farbare veg mellom heim og skule, frå dør til dør. Oppmålingar blir gjort med elektronisk kart i Cert, Hordaland fylkeskommune/Skyss sitt fagsystem for skuleskyss. Ein nyttar vegdata frå Statens kartverk som grunnlag for oppmålinga.

Tildeling av skuleskyss er eit enkeltvedtak jf. forvaltningslova, og vedtak om skuleskyss i Hordaland vert gjort for eit skuleår om gongen.

**Saka**

Avstandskrav om skuleskyss er 6000 m for elevar i vidaregåande skule. Avstanden mellom Tololia 47 og Framnes vidaregåande skule er målt til 5658 meter. Dette, saman med trase for oppmåling, vart også stadfesta i klagesak frå skuleåret 2016-17.

Elev Irene Straumstein oppfyller ikkje krava til fri skuleskyss dekkja av fylkeskommunen og fekk dermed avslag på skuleskyss også for skuleåret 2017-18.

Eivind Straumstein sendte e-post til Skyss 6. oktober, og viser til vedtak for ein annan elev på same skule og som bur i same nabolag, som etter klage fekk innvilga skuleskyss. Han opplyser at Irene Straumstein reelt har lengre avstand til skulen enn denne eleven, og meiner at dei bli forskjellsbehandla. Han ber om at Irene Straumstein difor må få skuleskyss for 2017-18.

Skyss svara på eposten 12. oktober. Skyss avviste ikkje opplysningane om avstandsberekinga, men at det i so fall skuldas feil i avstandsberekinga og det digitale kartgrunnlaget, og at det ikkje er snakk om forskjellsbehandling. Feilen ligg i at ein «avgjerande» gangveg ikkje blir lagt til grunn i oppmålinga til den andre eleven, og ville medført ein avstand under 6 km.

Skyss opprettheldt avslaget, og viser til vedtaket for den andre eleven skuldast ein feil i oppmålinga og ikkje ein forskjellsbehandling. Dersom tilfelle som dette skal leggest til grunn som forskjellsbehandling vil det opne for ein omfattande forskjellsbehandling for alle dei andre elevane i fylket som bur oppunder 6 km til skulen.

### Klage

Klagar held fast på at det er gjort forskjellsbehandling for denne eleven i høve til ein annan elev som bur på nærliggande adresse, og at det tidligare er innvilga skuleskyss for eleven sin bror. Klagar uttaler at Skyss ikkje yt lik handsaming på like vilkår.

Klagen seier følgjande:

Føresett klager på vegne av elev Irene Straumstein på Skyss sitt avslag om søknad fri skuleskyss for henne. Dei viser til at elev sin bror, Thomas Straumstein, hadde fri skuleskyss dei 3 åra han gjekk på same skule (skuleår 2012/13- 2014/15) etter at det vart klaga på avslag og meiner det derav er rimeleg at også Irene får innvilga fri skuleskyss.

Det vert også vist til at elev med ID-14339 (bustadadresse Furufleten 30 i Norheimsund), har fått innvilga skuleskyss. Føresette seier at avstanden mellom Tololia 47 og Framnes Kristne VGS er tilsvarande som avstand mellom Furufleten 30 og Framnes Kristne VGS. Det vert vidare vist til at elev ID-14339 sine søsken, tidlegare har fått innvilga skuleskyss frå same adresse, alle dei åra dei gjekk på Framnes Kristne VGS.

Føresette seier at for sine born (elev Irene Straumstein, og tidligare elev Thomas Straumstein) har dei heile tida vist til at elevar frå adresse Furufleten 30 i Norheimsund, har fått innvilga årleg skuleskyss. Elev med ID-14339 var den første frå denne adressa som først fekk avslag, men som likevel fekk innvilga skuleskyss etter å ha klaga, kor det blant anna vart vist til at hennar søsken tidlegare hadde fått innvilga skuleskyss. Vidare at dei har invitert Skyss til å kome på synfaring for å avklare tilhøva, utan at dette er gjort.

I klagen oppgjer føresette at dei meiner det er gjort forskjellshandsaming av deira born over fleire år, og kor Skyss har hatt høve til å korrigera, men der deira born vert diskriminert i høve til andre elevar med same avstand til/frå heim-skule. Føresette viser til at Skyss hevdar i e-post pr. 12.10.17, at *"resultat av saksbehandling som skyldast feil kan ein ikkje vise til som grunnlag for å hevde at det har funnet sted forskjellsbehandling"*.

Dette meiner føresette ikkje er i samsvar med forvaltningslova og forvaltningsrett, om lik handsaming på like vilkår, når:

- forskjellshandsaminga er påpeikt overfor dykk tidlegare
- føresette har invitert til avklaring ved t.d. synfaring på staden
- forskjellshandsaminga har halde på over lang tid
- forskjellshandsaminga gjeld for fleire elevar frå adresse hhv. Furufleten 30 og Tololia 47

Føresette til elev Irene Straumstein hevdar av den årsak at Skyss ikkje kan forsvare at elev ID-14339 ved ein enkeltstående feil har fått innvilga skuleskyss, og at ein slik feil ikkje kan brukast som argument for å innvilga skuleskyss for Irene Straumstein.

Med grunnlag i klagens innhald, ber føresette om at elev Irene Straumstein får innvilga fri skuleskyss.

### **Skyss si vurdering**

Skyss viser til at reglane om skuleskyss er klare og at avstandskrav om 6 km mellom heim og skule gjeld for elevar i vidaregåande skule. Skyss held seg til at »Kortaste gangbare veg mellom bustad og skule rekna frå dør til dør skal leggjast til grunn, ved oppmålingar, i tråd med skuleskyssreglementet for elever i VGS og opplæringsloven».

Vegen mellom heimen og skulen er kontrollmålt fleire gonger, også med eit vegstykke manuelt lagt til - og dette viser klart at det er under 6 km, noko som er avstandsgrensa for elevar i vidaregåande skule. Av den årsak er fri skuleskyss avslått- og eleven må dekke eventuelle kostnader ved skyss på eige hand. Vedtak om skuleskyss er eit enkeltvedtak etter Forvaltningsloven som gjeld for ein bestemt elev for ein gitt tidsperiode (per skuleår). Vedtak om skuleskyss som angår andre elevar eller for tidlegare skuleår gjev av den årsak ikkje grunnlag for retten til skuleskyss. Skyss meiner at dersom det ved ein feil har vore lagt til grunn feil avstand tidlegare vil dette ikkje kunna vidareførast dersom det skuldast feil i oppmåling, og det kan ikkje synast til som grunnlag for å hevde at det har funne stad forskjellsbehandling.

Saka ville stilt seg annleis dersom Skyss utifrå ei vurdering etter skjønn hadde akseptert at skuleveg under 6 km kunne gi rett til fri skyss. Dersom Skyss skulle opna opp for å gje unntak i desse sakene, ville dette i realiteten ført til omfattande forskjellsbehandling overfor dei mange elevane i Hordaland som bor oppunder 6 km frå skulen, men som i dag ikkje får godkjent fri skuleskyss. Skyss er av den oppfatning at regelverket må praktiserast «firkanta» på dette området.

Elev 14339 som føresette viser til i si klage, vart innvilga skuleskyss for skuleåret 2017-18 etter motteke klage og ein konkret vurdering av avstand. Vedtaket om skyss var ikkje gjort på bakgrunn av informasjon om søsken med skuleskyss, men etter vurdering av avstand. Det vart i ettertid avdekket at avstandsmålinga for denne eleven kan vere feil, men Skyss vel å ikkje gjere om på vedtak for inneverande skuleår. Føresette viser og til at eleven sin bror hadde fri skuleskyss i tidlegare år. Som tydeliggjort tidlegare gjeld vedtak om skuleskyss for den enkelte elev for eit skuleår om gongen, og ein kan ikkje legge til grunn eit søsken eller andre sitt vedtak om skyss. Feil med oppmåling mellom Tololia 47 og Framnes Vidaregåande skule er avdekket hausten 2017. Skyss kan ikkje vere bunden av å leggje til grunn gamle og feile oppmålingar for nye søknader.

Reglane om skuleskyss er klar, og avstanden mellom eleven sitt heim og skulen er under minstekravet i lova. Skyss finn på bakgrunn av ovannemnde å rå til at gjeldande vedtak med avslag på skuleskyss på grunnlag av avstand heim/skule vert oppretthalde.

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

I denne saka er det ikkje klaga på at avstandsmålinga er urett. Det vert klaga på at det er utvist forskjellsbehandling av elevar, når det gjeld kven som får dekket skuleskyss. I området der klagar bur er det ein annan elev som har fått innvilga skuleskyss, sjølv om avstanden mellom heim og skule er under 6000m. Ut frå opplysningane frå Skyss er det opplyst at dette beror på ein feil som er gjort når oppmålinga fann stad. Avstanden er under 6000m., men at det ved oppmåling ikkje vart lagt inn ein gangveg som kan nyttast. Skyss har vidare opplyst at dei er klar over at det her er gjort ein feil, men finn at ein ikkje kan trekkja tilbake godkjenninga dette året. For neste år vil dette verta retta opp. Det må nemnast at skuleskyss vert innvilga for kvart år.

Fylkesrådmannen ser at dette kan oppfattast som ein forskjellsbehandling, men det vil vera lite føremålstenleg å gje andre same retten når ein er merksam på at vedtaket beror på ein feil. Dette ville kunna gje svært uheldige konsekvensar for mange tilfelle.

Fylkesrådmannen vil beklaga at det har oppstått ein slik situasjon, då alle vedtak skal vera korrekte og byggja på rett fakta. Skyss har i si vurdering av saka gjeve forklaring på korleis dette har skjedd og seier at

dette vil verta retta opp for framtidige søknader. Fylkesrådmannen finn å sei seg einig i den vurderinga som er gjort av Skyss i denne saka.

Fylkesrådmannen vil på bakgrunn av dette rå til at klage frå Eivind Straumstein på vegne av Irene Straumstein på vedtaket om avslag på skuleskyss for skuleåret 2017-18 ikkje vert teken til følge.